



HØGSKOLEN I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

ÅRSRAPPORT (2014 – 2015)

Bergen 12.03.2015

Innhald

Del I: Styrets omtale av verksemda.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtall	9
Del III. Årets aktivitetar og resultat.....	11
Sektormål 1: Universiteter og høyskoler skal gi utdanning av høy internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.	11
Sektormål 2: Universiteter og høyskoler skal i tråd med sin egenart utføre forskning, kunstnerisk og faglig utviklingsarbeid av høy internasjonal kvalitet.....	14
Sektormål 3: Universiteter og høyskoler skal være tydelige samfunnsaktører og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.	17
Sektormål 4: Universiteter og høyskoler skal ha effektiv forvaltning av virksomheten, kompetansen og ressursene i samsvar med sin samfunnsrolle.....	19
Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)	22
Midlar tildelt over kap. 281.....	23
IV. Styring og kontroll i verksemda.....	25
Overordna vurdering	25
Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit	27
Auke i talet på lærlingar i statsforvaltninga	32
Samfunnstryggleik og beredskap	32
Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga	33
V. Vurdering av framtidsutsikter	34
Utdanningskapasitet	58
VI. Årsrekneskapen 2014.....	62

Del I: Styrets omtale av verksemda

Høgskolen har lagt bak seg eit år med omfattande aktivitet både fagleg og organisatorisk. Den største endringa hittil i høgskolens historie er reduksjon av talet på campusar frå fem til to, med innflytting i nybygget på Kronstad og i rehabilitert campus i Møllendalsveien.

Denne samlinga av aktivitetar gjort kvardagen til høgskolen enklare. I tillegg kjem at vi er svært stolte av bygg som framstår som gode læringsmiljøarenaer, med moderne digitale hjelpemiddel og med stor studentaktivitet gjennom heile arbeidsdagen. Særleg nybygget markerer og presenterer Høgskolen i Bergen på ein tydleg måte i bybiletet og skaper identitet og samkjensle blant tilsette og studentar. Bygget har alt vunne to prisar:

- Bergen kommunes byformingspris 2014
- Nasjonal pris for «Universell utforming», kategori for Møbel og interiør

Som venta og planlagt gjennom fleire år har dei tilsette ved høgskolen nedlagt ein stor innsats i samband med relokalisering av heile institusjonen, i omstilling av deler av dei administrative støttetenestene og i arbeidet med å få organisasjonen innplassert i dei nye lokala. Det vart gjennomført risikovurderingar av relokaliseringa i forkant og prosessen vart gjennomført i løpet av sommaren 2014 utan uhell av noko slag. Med mindre tekniske avvik var høgskolen fullt ut operativ då dei tilsette, nye og tidlegare studentar møtte fram til opninga av haustsemesteret 2014/15.

Året 2014 er i tillegg prega av høg aktivitet både på forskning og utdanningsområdet og på dei fleste målepunkt skårar høgskolen høgare i 2014 enn året før.

Høgskolen har jamt over god rekruttering til alle studieprogramma, talet på studiepoeng veks og det same gjer kandidattalet. Gjennomføring på normert tid held seg om lag uendra, eller går litt ned. Utdanningane har sett klare positive verknader av nye lokale og dei tilretteleggingane som høgskolen har gjort. Tala frå dei nasjonale undersøkingane viser at høgskolen skårar høgt på tilfredsheit blant studentane på fleire områder der ein tidlegare skåra lågare som t.d. biblioteks-tenester og tilgang på grupperom. På bakgrunn av det store talet studentar som møter fram på campus kvar dag og arbeider gjennom heile dagen, er det god grunn for å hevde at studentane trivst i høgskolen, at dei er arbeidssame. Det er såleis all grunn til å tru at føresetnadene for å lukkast og at dei når spesifiserte læringsutbyte vil halde stikk. Likevel har høgskolen ein høg beredskap på fråfall og arbeider målretta for å minske dette.

I strategisk plan har høgskolen ein ambisjon om å oppnå universitetsstatus innan 2020. Gjennom strategiske forskingsprogram og strategiske satsingar innanfor dei ulike fagmiljøa har det vore arbeid med utvikling av doktorgradsområda og med høgare kvalitet i forkinga gjennom ulike stimuleringstiltak. Våren 2014 oppnådde høgskolen godkjenning av det første doktorgradsprogrammet «Danning og didaktiske praksisar». I tillegg kjem godkjenning for fleire nye masterprogram som sikrar framtidig rekruttering til doktorgradsprogramma. Talet på publikasjonspoeng og vitskaplege publikasjonar veks. Styret er nøgd med dei utdannings- og forskingsresultata som er oppnådde så langt og legg opp til ein like ambisiøs plan for neste strategiperiode.

Styret har i året som gjekk arbeidd mykje med SAK-S. Høgskolen har gjennom dette arbeidet kome med innspel til det nasjonale arbeidet og stilt seg ope og løysingsorientert i utforming av moglege fusjonsløysingar. Samstundes har ein halde oppe arbeidet i samarbeidsorgan som UH-nett Vest. Kva resultata blir til slutt gjenstår enno å sjå. Styret er godt budd på å ta fatt på dei oppgåvene som følger av departementets og Stortingets handsaming av saka.


Målet for styret har vore å etablere ein effektiv fagleg og administrativ organisasjon som kan løyse samfunnsmandatet sitt med best mogleg kvalitet. Høgskolen har som nemnt gjennomført omorganisering av deler av dei administrative funksjonane og arbeidet skal evaluerast. Ultimo 2014 vart det lagt fram ei skisse til evaluering av understrukturen og den faglege organiseringa av avdelingane. I tillegg kjem oppstarten av arbeidet med ny strategisk plan for perioden 2016-2020.

Høgskolen har samla sett ein sunn økonomi, god likviditet og tilfredstillande avsetningsnivå. Gjennom tidlegare avsetningar har høgskolen tatt grep for å kunne møte den etter måten store auken i husleigeutgiftene som kom i samband med nybygget på Kronstad. I tillegg kjem strategiske avsetningar for å byggje opp under målformuleringar i strategisk plan og i årsplanar. Høgskolen har hatt god balanse mellom ordinær drift av den faglege verksemda og samstundes målretta strategiske satsingar for fagleg nyskaping/vidareutvikling av studieprogramma, innovasjon og kvalitet i forskinga. Dette gjeld også omfanget av den eksternfinansierte verksemda som har vist ein pen auke. Utfordringane for høgskolen vil vere å sikre god ressursdisponering i åra som kjem. Avsetningane på grunnbudsjettet vil gå mot null i 2017. Det må difor satsast på å betre kapitalinngangen gjennom prosjektverksemd, eksterne inntekter og god budsjettdisiplin. Høgskolen ventar ny studieplassvekst i samband med etablering av femårig lærarutdanning.

Høgskolen ligg i ein vekstregion som ventar sterk befolkningsauke. Vi utdannar kandidatar som er sentrale for å sikre velferd i befolkninga og kandidatar som er etterspurde av næringslivet. Eit godt samspel med arbeidslivet i regionen er sikra gjennom dialogen med Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Dei siste åra har høgskolen hatt auke i studenttalet og i talet på tilsette. Vi reknar med at denne utviklinga vil halde fram enno eit par år. Ein av dei største utfordringane for høgskolen vidare er å kunne møte denne veksten med tilstrekkeleg areal. Vidare utbygging av høgskolen vil difor måtte prioriterast dersom ein skal kunne ta unna etterspurnaden etter våre studietilbod og kandidatar.

Medlemmer av høgskolens styre:


Ole Gunnar Søgne (rektor/styreleder)



Sissel Johansson Brenna



Beate Lode




Kristian Helland


Atle Tidemann




Daniel Benjaminsen



Asle Holthe




Henning Norheim




Mona Røsvik Strømme


Sissel Østberg



Marianne Espelid



Sissel Johansson Brenna



Beate Lode


Kristian Helland

.....
Atle Tidemann


Daniel Benjaminsen



Asle Holthe


Henning Norheim

.....
Mona Røsvik Strømme


Sissel Østberg



Marianne Espelid




Sissel Johansson Brenna



Beate Lode



Kristian Helland




Atle Tidemann



Daniel Benjaminsen




Asle Holthe



Henning Norheim

Mona Røsvik Strømme

Sissel Østberg



Marianne Espelid

.....
Kristian Helland

.....
Atle Tidemann

.....
Daniel Benjaminsen

Mona Røsvik Strømme
.....
Mona Røsvik Strømme

.....
Sissel Østberg

.....
Marianne Espelid

Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtall

Høgskolen i Bergen er ein stor norsk høgskole med 8382 studentar og i overkant av 772 tilsette. Høgskolen har to hovudcampusar; ein nyetablert på Kronstad som huser hovudvekta av studentar og tilsettekontor, og ein mindre campus i høgskolens leigde lokale i Møllendalsveien. Høgskolen er organisert med tre faglege einingar leia av tilsett dekan. Desse er:

- Avdeling for Ingeniør og økonomifag (AIØ)
- Avdeling for helse og sosialfag (AHS)
- Avdeling for lærarutdanning (AL)

Avdelingane har eigne rådgivande organ.

Avdelingane på AIØ og AHS er organisert i institutt, mens utdanningane ved AL er organisert etter studieprogram og underliggande fagseksjonar. I tillegg til institutt og studieprogram husar også avdelingane forskingssentra ved HiB. Organiseringa av den faglege verksemda under avdelingane skal evaluerast i 2015.

Dei administrative tenestene er i hovudsak organisert i Fellesadministrasjonen med nokre fagnære stillingar tilknytt den einskilde avdeling. Høgskolens fagbibliotek er organisert som ein del av Fellesadministrasjonen med eit fagleg råd for biblioteksdirektøren. Biblioteket er bygd opp etter kriteriene for eit forskingsbibliotek og tilbyr eit breitt tilbod av tenester.

Nøkkeltall for Høgskolen i Bergen:

Totalt tal studentar: 8382

Totalt tal tilsette: 772

Total omsetting 2014: 866 754 000

Total statlig løyving 2014: 759 880 000

Fagleg profil

Utdanning og forskning ved høgskolen skal dekkja kunnskapsbehov i samfunnet, og hjelpa til å møta både lokale og globale utfordringar knytte til mellom anna klima, energi, velferd, fattigdom, utdanning og demografiske endringar.

Dette utgjer den faglege profilen til høgskolen:

- Teknologi, økonomi og innovasjon: Kunnskapsutvikling for eit nyskapande samfunns- og næringsliv

- Energiteknologi: Kunnskapsutvikling for berekraftig produksjon og effektiv bruk av energi
- Informasjons- og kommunikasjonsteknologi: Utdanning og forskning innanfor programutvikling med vekt på distribuerte IKT-system og teknisk bruk av slike system
- Kunstfag: Utvikling av skapande kompetanse knytt til form, innhald og formidling
- Utdanningsvitskap: Utforsking av møte mellom utdanning, vitskap og yrkespraksis
- Kunnskapsbasert praksis: Eit grunnlag for kvalitet i utdanning og profesjonsutøving
- Omsorgsforsking: Kunnskapsutvikling for heilskaplege omsorgstenester, med særleg vekt på tenester for eldre
- Samfunnsarbeid: Kunnskapsutvikling for å førebyggja og snu negative sosiale prosessar i lokalsamfunn i samspel med medlemene i det aktuelle miljøet

Del III. Årets aktiviteter og resultat

Sektormål 1: Universiteter og høyskoler skal gi utdanning av høy internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Hovudmål HiB: *Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskningsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå, og utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad.*

Verksemdsmål 1.1 Flyttinga til Kronstad og Møllendalsveien skal medverke til auka kvalitet i utdanningane

Verksemdsmål 1.2 Høgskolen skal identifisere og stimulere tverrfagleg samarbeid som samlokaliseringa mogleggjer

Verksemdsmål 1.3 Høgskolen skal legge til rette for auka bruk av elæring i undervisning og vurdering

Verksemdsmål 1.4 Høgskolen skal vurdere utdanningsporteføljen for å sikre god og forsvarleg ressursbase for utdanningar på alle nivå

2014 har vore eit hektisk og spesielt år for Høgskolen i Bergen. Mykje tid og krefter har gått med til å planleggje og gjennomføre relokalisering i ny campus og til å reetablere seg i nyoppussa lokale. For HiB har det vore viktig å oppehalde eit kvalitativt godt studietilbod i denne intensive samlokaliseringsprosessen. Det har vore lagt ned ein stor innsats i heile institusjonen for å avvike undervisning og eksamen med best mogleg kvalitet både i semesteret før og etter flyttinga. Alt i alt har det gått bra og studentane har fått den undervisninga og dei eksamenane dei skulle. Dei tilsette ved HiB har lagt ned ein ekstraordinær innsats i 2014 for å få dette til og både tilsette og studentar har vore fleksible i ein situasjon der ombyggingar og endringar i lokala uføresett har innverka på læringsmiljøet også etter innflyttinga.

HiB hadde ambisiøse verksemdsmål for 2014 knytt til effektane av samlokaliseringa og det vil ta tid før ein ser dei fulle effektane av samlokaliseringa. Resultata frå Studiebarometeret viser likevel ein markant framgang på område som kan samlast under kategorien læringsmiljø. Nye moderne lokale, med topp utstyr og fasilitetar, samt eit bibliotek midt i hjartet av høgskolen viser tydeleg framgang på desse parametrane. Samlokaliseringa har også hatt effekt på studentdemokratiet i det at meir og meir vert organisert som fellestiltak for alle studentane ved høgskolen, som t.d. felles Karrieredag og andre studentretta aktivitetar. Høgskolen har også fått fleire fellestenester for studentane i 2014. I samband med omorganiseringsprosjektet er det oppretta eit felles Studenttorg med felles rettleiingstenester for heile HiB.

Høgskolen i Bergen har høge mål om god kvalitet i utdanninga. Universitetsambisjon tilseier dessutan klare mål for utvikling av studieporteføljen. I 2014 kom det fleire nyvinningar som står opp under dette. Alle avdelingane fekk etablert nye masterprogram; Master i fysisk aktivitet og kosthald i eit skolemiljø, Master i innovasjon og leiing, samfunnsfagleg retning og masterprogrammet i klinisk

sjukepleie har fått godkjenning for fire nye studieretningar (ABIO). 2014 var også ein milepæl for HiB då det første ph.d.-programmet blei godkjent av NOKUT: Studiar av danning og didaktiske praksisar.

Nasjonale undersøkingar som Studiebarometeret og SHoT-undersøkinga gir høgskolen viktig innsikt i korleis studentane våre opplever utdanningskvaliteten og læringsmiljøet ved HiB. Desse er gode supplement til våre eigne undersøkingar og funn nedfelt i vårt eige kvalitetsmanifest. I saka som eigenfinansierte studiar som styret årleg behandlar i haustsesjonen, blei rekruttering og gjennomstrømming ved HiB problematisert. Høgskolen sette i etterkant av styrevedtaket ned ei arbeidsgruppe som skal komme med forslag til ein langsiktig studentrekrutteringsstrategi og ein langsiktig strategi for å betre studentgjennomstrøminga. HiB ønskjer å ha studentar med forkunnskapar og god forståing av kva det vil seie å studere og vi ønskjer at studentane fullfører med oppnådd grad. Arbeidsgruppa skal også særskilt leggje vekt på tiltak som gir synergjar mellom rekrutteringsarbeidet og arbeidet med å redusere fråfall. Det er også i gang andre studiekvalitetsprosjekt. Éi av avdelingane våre (Avdeling for lærarutdanning) har eit prosjekt dei kallar heiltidsstudenten. Dette prosjektet ser mellom anna på samanhengen mellom dei krava vi stiller til studentane og innsatsen studenten sjøl legg ned i studiet. Det handlar om å byggje ein god læringskultur på avdelingane.

Høgskolen har i 2014 etabler tei rekke mindre e-læringsprosjekt samt nokre større prosjekt. Nokre er oppretta ved avdelingane og har oppnådd ekstern finansiering. Det har vore gjennomført pilotforsøk på digital eksamen, eit arbeid som vil bli vidareført i 2015. I forkant av flyttinga blei dei tilsette lært opp i dei moderne digitale læringsverktøya som finst på campusane. Opplæringa vil halde fram i 2015. Prosjekt e-læring har etablert ei fyldig ressurside (<http://digitalferdighet.no>) som ein ser i samheng med så vel opplæring av tilsette som studentar. Det er etablert eige support-teneste for undervisningslokala. Prosjekt IKT-støtta utdanning blei sett i gang mot slutten av året, med sikte på å få eit meir heiskapeleg grep om e-læring ved HiB, på tvers av eksisterande funksjonar. Målet er å bidra til høgare kvalitet på undervisninga ved hjelp av IKT. Ein ønskjer generelt å kople ressursar internt i høgskolen og eksterne ressursar tettare saman.

Høgskolen skal utdanna fagleg sterke kandidatar som har den naudsynnte kunnskapen om yrket og dei yrkesfelta dei skal ut i. I 2014 blei det arbeidd vidare med å styrke relasjonane til og samhandlinga med praksisfelta og avtakarane. Alle utdanningane ved høgskolen er tett på næringane studentane vil finna sine jobbar i, anten det er offentleg sektor eller private aktørar. Det har vore fleire prosjekt av kortare og lengre varigheit, m.a. med Bergen kommune, Helse Bergen, TeknoVest for å nemne nokre.

For internasjonaliseringsarbeidet var 2014 eit rekordår både med omsyn til ut- og inn-reisande studentar. Høgskolen tilbyr fleire emnetilbod på engelsk, det er etablert eit masterstudium på engelsk og det vert arbeidd for å etablere fleire internasjonale avtalar, særleg knytt til praksisfelta ved Avdeling for lærarutdanning.

Avdeling for helse- og sosialfag er i ferd med å inngå avtale om strategisk partnerskap med Duke University i USA og har konkrete planar om å etablere felles

studietilbod. Avdeling for ingeniørfag er tungt inne i utviklinga av eit globalt nettverk innan undervassteknologi med leiande institusjonar og bedrifter frå USA, Europa, Asia, Australia og Sør-Amerika. HiB etablerte i 2014 ein eigen handlingsplan for Erasmus +.

Høgskolen vil betre samanheng mellom undervising og forskning, ved å gjere undervisinga forskingsbasert og ved å profilere forskinga inn mot utdannings- og praksisfelte. Høgskolens utdannings- og FOU-utval har hatt fleire fellesmøte med dette som tema. Målsettinga er at studentane skal få auka kunnskap om forskingsmetodologi og –metodar heilt frå bachelornivå av. Målet er at fleire studentar skal integrerast i forskingsprosjekt ved HiB. Det blei tatt fleire initiativ i 2014 til slike prosjekt som skal realiserast i 2015. Ei arbeidsgruppe skal levere ei skisse til opplegg i løpet av våren 2015.

At HiB no har fått sitt første doktorgradsprogram er relevant også her. Eitt av høgskolens store profesjonsfag har no gjennomgåande utdanningstilbod i alle tre syklusar og det er etablert eigne opplegg for akademisk skriving og metodetilbod på alle tre nivåa. Dette gir god progresjon i utdanningane fram mot dei store avsluttande skriftlege arbeida.

Styringsparameter	Resultat			mål 2014
	2012	2013	2014	
gjennomføring på normert tid (KD)	90,5	92,7	89,3	92
Delen uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,7	0	0,7	0,7
Talet på kvalifiserte førstevalsøkarar per studieplass (HiB)	2,1	2,2	2,2	2,25
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (HiB)	50,8	51,3	49,5	51
Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (HiB)	15	14,2	16,1	14
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB) (egenfinansiert/eksterntfinansiert)	5887 (5506/380)	6125 (5682/442)	6252 (5754/498)	5800
Talet på utvekslingsstudentar totalt over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	265/60	227/72	268/77	270/90
Talet på utvekslingsstudentar på masternivå over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	1/0	2/0	5/5	5/5
Talet på utvekslingsstudentar totalt (ut/innreisande) ¹ (HiB)	274/70	234/97	341/102	300/90
Talet på framandspråklege mastergradar (HiB)	2	2	2	2
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (HiB)	4	4	4	4
Kandidatproduksjon for Bachelor og Master ²	1482	1583	1595	1550
Del midlar Horisont 2020 og Erasmus+	Na	Na		

¹ Inkluderer alle registrerte utvekslingsstudentar som var på utveksling frå 1 veke til 12 månader, og som avslutta opphaldet i rapporteringsåret.

Sektormål 2: **Universiteter og høyskoler skal i tråd med sin egenart utføre forskning, kunstnerisk og faglig utviklingsarbeid av høy internasjonal kvalitet.**

Hovudmål HiB: **Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemda, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.**

Verksemsdmål 2.1: Tyngdepunktet i FoU-verksemda ved HiB skal vere profesjonsretta og praksisnær forskning innanfor satsingsområda våre.

Høgskolen i Bergen har lagt bak seg eit år med mykje godt arbeid knytt til FoU/N-verksemda. Høgskolen har i all hovudsak gjennomført planlagde tiltak. Desse verkar inn på dei ulike måla som høgskolen har i sin Strategi for forskning, utvikling og nyskaping (FoU/N) 2011-2015 og som i sin tur er knytt til strategisk plan for HiB. Desse tiltaka støttar blant anna opp under dei kvalitative styringsparametrane som er etterspurde av Kunnskapsdepartementet for 2014. Dette ser vi særleg i samband med forskingsverksemda knytt til profesjonsfaga. Høgskolen har arbeidd med å styrke samspelet mellom forskning og utdanning, blant anna gjennom fellesmøter for utvala for forskning og utdanning, og gjennom involvering av studentar i arbeidet med utvikling av nye utdanningar.

Høgskolen har dei siste åra gradvis intensivert arbeidet med å hente inn eksterne forskingsmidlar. Dette inneber mellom anna ei styrking av den forskingsadministrative støtta i forbindelse med alle fasar av eksternfinansierte forskingsprosjekt - frå søknadsutvikling og budsjettering til rapportering. For å aktivere potensialet hos forskarar ved høgskolen blei det i 2014 starta eit arbeid, forankra i høgskolen sitt sentrale FoU-utval, for i enda større grad enn i dag å legge til rette for søknadsskriving og nettverksbygging. Dette omfattar mellom anna kartlegging og oppfølging av forskarar ved høgskolen som er aktuelle for å søke Horisont 2020. Høgskolen har i 2014 nådd måltalet for midlar frå Noregs forskingsråd. Resultatet går fram av tabellen under.

Høgskolen hadde mål om å nå 240 vitenskaplege publikasjonar i 2014. Vår erfaring er at desse tala varierer noko frå år til år. Høgskolen har satsa mykje på å auke den vitenskaplege publiseringa. Førebelse tal tyder på at vi kan ha nådd måla både i talet på vitenskaplege publikasjonar og vitenskapleg publisering målt i publikasjonspoeng.

For å stimulere til meir samarbeid og læring på tvers av forskingsgrupper, samt bidra til erfaringsutveksling, starta høgskolen hausten 2013 med seminar, kalla forskingsfrukost. Desse blei vidareførte i 2014, der tema for dei fem seminara i 2014 var forskingsformidling, plagiering og ureielegheit, open access, publiseringsetikk, og ekstern forskingsfinansiering med fokus på Horisont 2020.

Open Access Policy for Høgskolen i Bergen blei vedtatt av høgskolestyret våren 2014. Høgskolen har vedtatt grunnleggjande Open Access prinsipp for fri tilgang til vitenskaplege arbeid, produsert ved Høgskolen i Bergen, og har som mål at alle vitenskaplege publikasjonar skal gjerast tilgjengelege enten i Open Access-tidsskrift eller i opne viten-arkiv. Det blei også etablert eit publiseringsfond for støtte til

forfatterbetaling ved Open Access publisering. Avsetninga blei oppretta frå hausten 2014, og skal evaluerast etter ein prøveperiode på 1 år.

Høgskolen sine retningslinjer for tildeling av FoU-tid vektlegg at det skal leggjast til rette for at tilsette kan arbeide med forskning, utvikling og innovasjon i samanhengande konsentrerte periodar. FoU-ressursar vert tildelt ut frå prosjektet sin kvalitet, strategiske tyding og dokumenterte resultat av FoU-verksemd. Målet er meir og betre vitskapleg publisering. Høgskolen sitt sentrale FoU-utval har eit særleg ansvar for å sjå til at gjeldande retningslinjer og kriterier er følgde, og har ein årlig gjennomgang av tildeling av FoU-tid med mål om felles praksis ved dei tre avdelingane.

Høgskolen har i samsvar med fastsette mål etablert ei ordning for tildeling av forskningstermin. Etter dei vedtekte retningslinjene har fast tilsette professorar i fulle stillingar ved høgskolen rett til å søke om forskningstermin for opphald ved ein annan forskingsinstitusjon. Ein fast tilsett professor i full stilling kan søke om 3 månader forskningstermin kvart 3. år når den tilsette har hatt dei undervisnings- og administrative plikter som ordinært hører til stillinga.

Ph.d.-studiet Studiar av danning og didaktiske praksisar ved Høgskolen i Bergen blei i 2014 akkreditert av NOKUT, og KD godkjente at høgskolen kan tilby ph.d.-studium i Studiar av danning og didaktiske praksisar.

Høgskolestyret vedtok etablering av sentralt ph.d.-utval ved Høgskolen i Bergen, og programutval for ph.d.-studiet og utvala starta sine arbeid i 2014.

Høgskolen sende i 2013 også inn søknad til NOKUT om akkreditering av ph.d.-studium i kunnskapsbasert praksis i helsefag, forankra ved Avdeling for helse- og sosialfag. NOKUT konkluderte her at ph.d.-studiet i kunnskapsbasert praksis i helsefag ved Høgskolen i Bergen ikkje tilfredsstilte alle krava i Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning, og studiet blei ikkje akkreditert. Det vert arbeidd vidare med utviklinga av programmet.

Det tredje området som er under utvikling for ph.d.-studium er ICT-Engineering, forankra ved Avdeling for ingeniørutdanning. Det er eit mål å sende søknaden i 2015.

I 2013 vedtok høgskolen å starte arbeidet med eit fjerde ph.d.-studium med arbeidstittel «Innovasjonspraksis i et profesjons- og samfunnsperspektiv». Arbeidet med dette ph.d.-studiet starta i 2014. Det blei etablert arbeidsgruppe for vidare forankring og utvikling av det fjerde doktorgradsområdet og høgskolestyret oppnemnde referansegruppe som skal gi råd om vitskapleg og kursfagleg innhald i ph.d.-studiet. Vidare blei det tildelt strategiske midlar for vidare utvikling av doktorgradsområda i form av koordineringsmidlar, internasjonalisering, stipendiatstillingar og professorkvalifisering.

For å nå målet i vedtatt Opptrappingsplan for stipendiatstillingar ved Høgskolen i Bergen, om minst 45 stipendiatstillingar finansiert over grunnbudsjettet innan 2015, blei det i 2014 avsett strategiske midlar til finansiering av 13 stipendiatstillingar. Desse kjem er i tillegg til stipendiatstillingane høgskolen hadde tildelt over

statsbudsjettet i 2014. Vidare blei det avsett midlar til finansiering av stipendiatstillingar som eigenandeler i eksternfinansierte prosjekter.

Høgskolen hadde 10 tilsette som disputerte for doktorgraden i 2014.

Høgskolen arbeider på strategisk nivå med å knytte saman forskning og utdanning. Mellom anna var involvering av studentar i dei tilsette sitt FoU-arbeid og forskningsetikk i studentoppgåver tema i fellesmøte for utvala for forskning og utdanning.

Høgskolens FoU/N strategi 2011-2015 legg vekt på at forskningssatsingane ved høgskolen skal utvikle høg internasjonal kvalitet og møte behov i samfunns- og næringsliv regionalt og nasjonalt.

Fagmiljøa ved høgskolen skal byggje internasjonale relasjonar som styrkjer omfang og kvalitet på forskingsaktiviteten innan høgskolen sine satsingsområde, særleg på master og ph.d.-nivå. Internasjonal vitenskapleg publisering skal inngå som naturleg del av forskingsarbeid. Som del av satsinga på utvikling av doktorgradsområda har det i 2014 mellom anna blitt arbeidd med samarbeidsavtaler med utvalte institusjonen knytt til desse.

Styringsparameter	Resultat			mål 2014
	201	2013	2014	
Talet på vitenskapleg publisering	198	259	286	240
Vitenskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB)	142	124,9	154,8	150
Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)	10.512	14.167	15000	1500 0

Sektormål 3: Universiteter og høyskoler skal være tydelige samfunnsaktører og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Hovudmål HiB: *Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspart og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.*

Verksemdsmål 3.1 Forskings- og kompetansesentera til høgskolen skal ha høg relevans for regionen og vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktige innan sine fagområde. Sentera skal ha kritisk masse og bidra med kompetanse på tvers av avdelingane.

Verksemdsmål 3.2 Høgskolen skal i aktiv og systematisk kommunikasjon med målgruppene syte for merkevare- og omdømmeoppbygging av HiB som kvalitetsleverandør av kompetansegevande EVU. Studietilboda skal vere relevante for behova i arbeidslivet og tilpassa behovet målgruppene har for fleksibilitet.

HiB har i dag ein tett relasjon med dei områda vi utdannar for. Høgskolen har som mål å vidareføre fleksible utdanningstilbod, både grunnutdanningar og etter- og vidareutdanning for å imøtekome kompetansebehovet i for det regionale samfunns- og næringslivet.

Høgskolen har i 2014 vidareutvikla og styrka kommunikasjonsarbeidet mot brukargruppene og for allmenngjering av den faglege verksemda gjennom målretta strategisk satsing på formidling. Dette har høgskolen fått til ved samordning av ressursar innan bibliotekenestene og frå kommunikasjonstenestene ved HiB.

Høgskolen skal i 2014 fortsette fleire store samarbeidsprosjekt som t.d. subsea-ingeniørutdanning i Florø etter mal av den suksessrike utdanning på Sotra.

Den profesjonsutviklande forskinga krev tett dialog med praksis og brukarfeltet. Denne kontakten er også viktig i samband med dei praksisnære grunnutdanningane. Høgskolen skal i 2014 halde fram den gode dialogen med samarbeidspartane i arbeids- og næringsliv.

RSA

Av dei viktigaste oppgåvene til RSA i 2014 har vore å utvikle ein strategi for RSA og forankre innspela i planane for høgskolen. RSA har óg vore viktig i arbeidet med SAKS-innspela til departementet på slutten av året.

Vidareføre desentraliserte utdanningar i ingeniørfag

Det er gjort nytt opptak på den desentraliserte ingeniørutdanninga i undervassteknologi i Florø hausten 2014 og utdanninga og samarbeidet skal evaluerast våren 2014. Det er óg vedtatt at høgskolen skal starte opp ei ny desentralisert ingeniørutdanning i undervassteknologi i Kristiansund etter modell av Florø hausten 2015.

Omsorgsteknologi

Høgskolen har arrangert den tredje regionale konferansen om omsorgsteknologi. Konferansen blei godt mottatt og handla om korleis omsorgsteknologi kan implementerast i drift.

Metningsdykkarprosjektet

Som kjent vedtok Stortinget i 2013 å avvikle Metningsdykkarprosjektet og selje det innkjøpte utstyret i marknaden. Høgskolen har arbeidd på ulike måtar gjennom heile 2014 for å innfri Stortingets intensjonar, utan å komme heilt i mål med dette. Dette handlar om å sikre best mogleg investerte verdiar.

Etter- og vidareutdanning

I 2014 har det vore ytterlegare auke i aktivitet ved HiB på etter- og vidareutdanning. I tillegg til etter- og vidareutdanning med finansiering frå Utdannings- og Helsedirektoratet, har høgskolen vidareutdanningar på oppdrag frå store private aktørar som FLT(Addisco), Framo, BKK. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune er framleis store offentlege oppdragsgivarar i vår region. I tillegg har Arbeids- og velferdsdirektoratet ein utdanning for sine NAV-ansatte.

Høgskolen i Bergen er dessutan blant dei største aktørane i landet på etter- og vidareutdanningar innan satsinga «Kompetanse for kvalitet», varig vidareutdanning for lærarar, og har i tillegg koordinatorfunksjonen for Region Vest i denne satsinga. I tillegg har høgskolen ei stor kursverksemd som arrangerer fleksible studietilbod for mange ulike målgrupper innan våre kompetanseområder.

Nasjonalt senter for Mat, helse og fysisk aktivitet

Nasjonalt senter for mat helse og fysisk aktivitet blei fullt bemanna i 2014 og hadde sin oppstartskonferanse i oktober.

Styringsparameter	Resultat			Mål 2014
	2012	2013	2014	
Delen inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR (KD)	2,7 %	4,1 %	6,6	5 %
Totalt registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)	930	1134	969 (pr jan.15)	1200
Talet på forretningsidear (HiB)	15	3	16	10

Sektormål 4: Universiteter og høyskoler skal ha effektiv forvaltning av virksomheten, kompetansen og ressursene i samsvar med sin samfunnsrolle.

Høgskolen har i 2014 t gjennomført analysar av den samla ressursforvaltninga og vore særleg opptekne av den venta husleigeauken og kostnadane med å drifte dei nye lokala.

Det har vore arbeidd med fleire ulike prosjekt knytt til organisasjonen, både i forhold til administrative funksjonar, men og fokusert på strategisk styrking av fagleg kompetanse som bygger opp under hovudmålet om kvalitetsutvikling for universitetsstatus Målet for høgskolen er ein jamn vekst i vitskapeleg verksemd og utdanningsverksemda innafor dei rammene vi har til rådighet.

Verksemdsmål 4.1 Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande.

Høgskolen har lagd mykje arbeid i å legge til rette for at tilhøva for studentar og tilsette skal bli best mogeleg i dei nye bygga på Kronstad og i Møllendalsveien. Ein kan likevel ikkje legge skjul på at dette er utfordrande og stiller store krav både til tilsette og studentar. Lite tilgjengeleg areal for faste studentarbeidsplassar er ein særleg utfordring og har ført til stort press på fellesareal og sosiale soner.

Høgskolen kan vise til positive tal når det gjeld styringsparameter knytt til likestilling, nedgang i talet på mellombels tilsette og auke i førstestillingar av totaltalet for forskar- og undervisningsstillingar, slik det går fram av tabellen under.

Verksemdsmål 4.2 Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad/Møllendalsveien, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane.

Ein heilskapleg organisasjon inneber m.a. eintydig organisering, felles kultur og identitet, felles regler og rutinar, likebehandling og med tydelig profil mot omgivnadane rundt.

Høgskolen er framleis inne i første driftsår etter flyttinga og er prega av dette. Samstundes har det første halve året i dei nye lokala ført med seg mykje positivt ved at ulike fagmiljø sit tettare på kvarandre. For at en skal kunne nå dette verksemdssmålet, må det arbeidast med eigna tiltak i tråd med omtalen av kva «en helhetlig organisasjon» inneber. Når høgskolens fagmiljø for alvor er godt på plass i dei nye lokala vil høgskolen i 2015 sette i gang eit arbeid med å tilpasse den faglige understruktur til høgskolens faglige strategiar. Med tilrettelagde fysiske og organisatoriske rammer og arbeid mot å utvikle felles kultur og identitet innanfor desse, vil mykje av rammeverket for styrkt fagleg samarbeid på tvers av utdanningane vere på plass. Gjennom strategiske prioriteringar må det leggjast til rette for fleire tverrfageige prosjekt.

Hausten 2014 blei det m.a. sett i gang eit leiarutviklingstiltak innan utdanningsleing. Målgruppa for dette tiltaket var i første rekke medarbeidarar i høgskolen som kan tenke seg å gå inn i faglege leiarstillingar i framtida. Ein slik felles opplæring er eit viktig tiltak for å stimulere til faglig samarbeid og heilskapleg forståing.

Felles leiarsamlingar er institusjonalisert ved høgskolen og gir høve til at høgskolens faglege leiarar møtast for å diskutere ulike felles tema. I 2014 blei det gjennomført tre slike samlingar. Det har også vore gjennomført ei rekke «frokostseminarer» med fokus på meir generelle trekk ved leiarrolla.

I 2014 blei det også sett i gang eit pilotprosjekt med *kollegaveiledningsgrupper* der ein av to grupper ble satt saman tverrfaglig – den andre med deltakarar frå en avdeling. Dette arbeidet går føre seg no og er ennå ikkje evaluert.

Verksemdsmål 4.3 Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å verte miljøfyrtårnbedrift.

Dei nye og moderne lokala på Kronstad og i Møllendalsveien er tilrettelagde med høge kunnskapskvalitetar. På Kronstad er det etablert 132 nye spesialrom, 44 seminarrom, 16 auditorium, 109 grupperom og 24 møterom. Alle undervisningsrom er tilrettelagt med moderne digitalt AV-utstyr. Auditoria er utstyrt med to visningsflater, smart Sympodium og to mikrofonar. Seminarromma er utstyrt med Smart Board og trådlause mikrofonar. Laboratorium og andre spesialrom er utstyrt med ein eller fleire visningsflater og har som oftast Smart Board. Heile 68 undervisningsrom er utstyrt med strømmingskamera og fem undervisningsrom har videokonferanseutstyr inkludert. Alle undervisningsromma er utrusta med whiteboardtavler.

Det blei også sett i gang eit større ombyggingsprosjekt for eigedommane i Møllendalsveien 6-8. 11 nye seminarrom blei etablert med to nye visningsflater og faste datamaskiner. Det er nytta same utstyr som på Kronstad med både Smart Board og Smart Sympodium. Nesten alle dei nye seminarromma i Møllendalsveien har Whiteboard-tavler. Fem seminarrom er blitt planlagt med strømmeteknologi som blir installert i løpet av våren 2015.

Høgskolen i Bergen stod fram hausten 2014 som ein ny, oppgradert og moderne høgskole.

Høgskolen har i 2014 arbeidd vidare med planane for godkjenning som miljøfyrtårnbedrift. Mellom anna har ein oppnådd gode avtalar for offentleg transport av tilsette og studentar til/frå campus Kronstad med bybane og direkte buss (Selskapet Skyss) og det er i samarbeid med Bergen kommune lagt planar for å betre tilkomst med sykkel.

Verksemdsmål 4.4 Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus.

Høgskolen har arbeidd systematisk med å auke kompetansen blant dei tilsette og kan vise til ei god utvikling i talet på førstestillingar. I tillegg kjem at talet på professorar og dosentar har gått opp i 2014 (sjå tabell under). Denne kompetanseoppbygginga kjem som følgje av ei planlagd strategisk utvikling med mål om universitetsstatus innan 2020.

Verksemdsmål 4.5 Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.

Høgskolen har dei seinare åra målmedvite bygt opp avsetningar for å sikre eit godt økonomisk handlingsrom. Hensikta var å sikre at høgskolen kunne handtere dei finansielle utfordringane som var knytt til flyttinga til Kronstad og spesielt dei auka husleigekostnadene, i tillegg kjem behovet for å sikre realiseringa av universitetsambisjonen.

Avsetningane er som venta redusert i av 2014, m.a. som følgje av økte husleigekostnader, investeringar i Campus Møllendalsveien og generelle driftskostnader. Auken i husleige har de siste 2 årene vore nær 100 %. Reduksjon i reserven har i all hovudsak vore som venta.

Auka avsetnader har ein klart å gjennomføre gjennom sterkare prioriteringar av samla ressursbruk. Det vil framleis vere nødvendig å tilpasse seg det auka husleigenivået og å planlegge for å dimensjonere bemanninga til riktig nivå for å kunne til å løyse samfunnsoppdraget på ein effektiv måte.

For å sikre det økonomiske handlingsrommet fram mot 2020 engasjerte høgskolen konsulentbyrået PWC til eit avgrensa forprosjekt der dei skal identifisere områder og tiltak som er sentrale for økonomisk innsparing og effektivisering og derigjennom sikre eit økonomisk handlingsrom over tid. Resultatet av dette arbeidet vil danne grunnlaget for vidare analysar og prognosar ved høgskolen.

Økonomiseksjonen har fått styrka bemanninga i 2014 for nettopp å kunne prioritere og styrke arbeidet med prognosar, analysar og økonomisk internkontroll. Dette er nødvendig for å betre forståinga i organisasjonen for samspelet mellom høgskolens etablerte strategiar og mål, og korleis ein kan arbeide for å sikre at desse måla blir nådd på ein kostnadseffektiv måte.

Høgskolen har dei seinare åra gjort mykje på innkjøpsområdet og har blant anna forbetra sine styrande dokument for innkjøp, tydeliggjort fullmakter og implementert ein struktur for intern kontroll. Innkjøpsområdet er også nå regelmessig tema på leiarmøter, samlingar og i styremøter. Innkjøpskontoret er styrka i bemanninga og kontoret skal involverast i alle innkjøp over 100.000 kr. Nye system er tekne i bruk og fleire rammeavtalar er inngått i 2014.

Kvantitative styringsparameter:

Styringsparameter	Resultat			Mål 2014
	2012	2013	2014	
Delen kvinner i dosent- og professorstillinger (KD)	31%	33,3%	36,6%	35%
Delen midlertidig tilsette (KD) ³	21%	22,5%	20,8%	20%
Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (HiB)	43%	43%	45%	45%
Avsettingsnivå i prosent av samla statleg løyving (HiB)	8,2%	13,4%	13,5%	10%
Resultatmargin frå oppdragsverksemda (HiB)	13,3%	31,3%	38,9%	15%
Delen samla lønnskostnadar i høve til samla driftskostnadar (HiB)	63,4%	64%	54,1%	65%

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Høgskolen har deltatt i SAK-prosjekt igjennom UH-nett Vest. Ut over det er det ikkje tilført midlar til SAK-samarbeid for budsjettåret 2014.

Høgskolen har i 2014 deltatt på to SAK-prosjekt i samarbeid med andre institusjonar på det administrative området. Prosjekta omhandlar innkjøp og internrevisjon. Prosjekta har vært ein verdifull samarbeidsarena med betydelig lærings- og kompetanseoverføring for høgskolen.

Høgskolen har i tråd med krava frå departementet levert innspel til departementets og regjeringas arbeid med SAK-S.

³ Her inngår mellom anna stipendiatar og åremålstilsette.

Midlar tildelt over kap. 281

Styrking av kapasitet i UH-sektorens etter- og videreutdanningstilbud for lærere (tildelt 4 mill.)

Høgskolen i Bergen (Avdeling for lærerutdanning) er tungt inne i fleire av staten sine satsingar på etter- og vidareutdanningstilbod for lærarar:

- ungdomstrinn i utvikling
- kompetanse for kvalitet
- kompetanse for mangfald

Delar av midlane er brukt til å styrke tilbodet innanfor ungdomstrinn i utvikling. Talet på UH-lærarar som deltek på oppfølginga på kvar skule er auka til to. Det er utvikla eit felles program for organisasjonsutvikling og styrka samarbeidet mellom interne aktørar og utviklingsretteleiarane i regionen. Vi har også auka ressursbruken til leiinga av prosjektet. Dette har gjort oss i stand til å utføre oppdraget meir profesjonelt og heve kvaliteten. Det er vidare disponert midlar til fagutvikling innanfor feltet klasseleiing.

Budsjett 400 000

Midlane er vidare disponert til å styrke kompetansen og lage robuste fagmiljø innanfor satsingsområda, grunnleggjande ferdigheiter, fleirkulturalitet og fagdidaktikk innanfor matematikk, norsk, naturfag og engelsk.

Budsjett 2 800 000

Det er etablert forskargrupper innanfor satsingane ungdomstrinn i utvikling og kompetanse for mangfald. Det er disponert midlar til leiing og styrking av desse gruppene og oppretting av fleire tilsvarande grupper knytt til fagområda innanfor etter- og vidareutdanningssatsinga.

Budsjett 300 000

Det er sett av midlar for erfaringsutveksling innanfor og på tvers av satsingane som skal bidra til organisasjonslæring. Midlane gjer det mogeleg å involvere ein større del av fagpersonalet og ruste avdelinga til å møte framtidens etter- og vidareutdanningsbehov på ein profesjonell måte.

Budsjett 500 000

Følgjegruppe for barnehagelærerutdanning

Innhald i følgjegruppearbeidet 2014

I denne perioden har følgjegruppa hatt fire møte; to-dagsmøte og to to-dagsmøte. I tillegg eit todagars seminar på Schæffergaarden i København 25 – 27. mai. På seminaret arbeidde følgjegruppa med rapporten frå det første følgjeåret, i tillegg hadde vi to faglege danske foredrag - eitt om følgjeforskning og eitt om dansk pædagogutdanning.

Følgjegruppa hadde i perioden 24. februar til 9. april 2014 møte med alle barnehagelærerutdanningane. Møta blei gjennomført i tråd med den forståinga av følgjearbeid og følgjeforskning som gruppa har etablert. Det blei lagt vekt på å få til ein mest mogleg open dialog om den nye utdanninga. Møta tok sikte på å skape vilkår for *ein møteplass for meiningar*. Meiningsutvekslinga om reforma skulle skje i eit mest mogeleg ope forum der så mange som mogeleg som har vore involverte i

planarbeidet kunne delta. Alle partar i institusjonane har på ulike måtar bidrege i iverksetjinga av den nye utdanninga, og vi gjorde oss kjende med dei oppfatningane av reforma og arbeidet med denne.

Rapporten frå følgjegruppa sitt arbeid i perioden august 2013- august 2014 var ferdigstilt i september. Tittel: *Frå førskulelærar til barnehagelærar*. Den nye barnehagelærarutdanninga - Mulegheiter og utfordringar. Rapporten blei overlevert Kunnskapsdepartementet i samband med ein nasjonal konferanse FG arrangerte i Oslo 18. og 19. september. Konferansen hadde i overkant av 100 deltakarar frå alle dei nitten barnehagelærarutdanningane, i tillegg til representantar frå Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, fagforeiningar og presse.

På følgjegruppa sitt møte i november 2014 blei tema som gruppa skal ha fokus på dette andre følgjeåret bestemt. Områda er desse:

- Prosessen med iverksetjing av den nye barnehagelærarutdanninga – andre og tredje studieår
- Kunnskapsområda i utdanninga gjennom fagleg djupdykk i eitt av kunnskapsområda: Kunst, kultur og kreativitet
- Praksisopplæringa i utdanninga
- Pedagogikk(faget) i utdanninga
- Forskingsbasert barnehagelærardanning
- Dei nye barnehagelærarstudentane

I samband med arbeidet dette året er det oppretta fleire forskargrupper, med utspring i Høgskolen i Bergen, som arbeider i tett dialog med sekretariatet, med å levere faglege bidrag til rapporten frå det andre året av følgjearbeidet. Arbeidet i desse gruppene omfattar også møte/ intervju/ samtale på fleire av barnehagelærarutdanningane

IV. Styring og kontroll i verksemda

Høgskolen prioriterer arbeidet med å sikre samspelet mellom etablerte strategiar og mål, og korleis alle i verksemda arbeider for å sikre at måla blir nådd på ein kostnadseffektiv måte. For høgskolen er det viktig å ha ein aktiv risikostyring og ein god internkontroll som bidrar til ein effektiv eigarstyring som også omfattar samspelet mellom styret og leiinga sitt arbeid og ansvar. Styringsprosessane er knytt opp mot en målretta og effektiv drift, at rekneskapsrapporteringa er påliteleg og at alle lovar og reglar skal overhaldast. Samla sikrar dette at departementet, styret og leiinga har eit meir sikkert grunnlag for måloppnåing.

Overordna vurdering

Reglement for økonomistyring i staten § 14 om internkontroll, legg vekt på leiinga sitt ansvar for å etablere ein tilfredsstillande internkontroll i verksemda. Høgskolen har vore i ein omfattande bygings-, flytting- og omstillingsprosess dei siste tre åra. Dette har vore svært ressurskrevjande. Høgskolen har i denne tida ikkje hatt ressursar nok til å etablere eit overordna internkontrollsystem. I 2015 vil dette området vere høgt prioritert, det er satt i gang tverrfaglege prosjekt som understøttar dette arbeidet og ressursar er tilført for å sikre gjennomføringa. I tillegg til dette så vert det systematisk arbeidd med dei pålagde formalkrava KD stiller når det gjeld risikovurderingar og tiltak for å redusere risiko.

På studiesida er mykje godt arbeid i gang fleire risikoelement på dette området er avdekka. Frå rapporteringsterminen haustsemesteret 2014 har høgskolen innført ny struktur på rapportering av studentdata. Høgskolen har hatt fleire interne rundar med dialogmøter der data frå dei respektive utdanningane har vore gjennomgådde og kvalitetssikra, saman med avdelingane og leiinga. I forkant av rapporteringsdato er det gjennomført eigne rapporteringsmøter med signering av rapporteringsprotokollar.

I 2014 er det gjennomført særskilte og gjennomgåande risikovurderingar i forkant av eksamensperioden. Samlokaliseringa har ført til store endringar både når det kjem til organisering av tenester, endringar i fysiske rammer, samkjøring av rutinar og praksis for å nemne eit utval. Eksamensperioden er en veldig kritisk periode for høgskolen og omkostningane for studentane og høgskolen hadde blitt store ved svikt i desse rutinane. Ei tverrfagleg tilnærming til disse risikovurderingane har medført at eksamensperioden blei gjennomført på ein god og tilfredsstillande måte. Høgskolen har elles starta eit arbeid med risikovurderingar på andre områder, som for eksempel utveksling (utreisande og innreisande studentar) og til nybygget. Arbeidet med implementering av Kunnskap CIM starta også i 2014.

I 2012 ble det innvilga 1 mill. kr. i SAK midlar for gjennomføring av eit prosjekt innan internt revisjonsarbeid i UH sektoren. Prosjektet blei organisert i ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe og dei samarbeidande institusjonane var Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Nordland. I løpet av 2014 har det vore gjennomført 2 revisjonar, ein på anskaffelsesområdet og ein på området intern kontroll og system. Endelege revisjonsrapportar er sendt leiinga ved dei fire deltagande institusjonane der rapportane har gitt status på området og ei tilråding om beste praksis på det reviderte området. Den siste rapporten som omhandlar området intern kontroll konkluderer med nokre hovudpunkt. Av dei viktigaste som kom fram kan nemnast:

- viktigheita av forankring av internkontrollarbeidet og at dette må ligge til leiinga å sikre god kultur og forståing for området,
- viktigheita av at leiinga må ta ansvaret for å systematisere internkontrollen på eit overordna nivå
- organisering av internkontrollen må definerast på eit overordna nivå med tydelige roller og ansvarsfordeling.

RAPPORT OG PLANER 2014-2015 LIKESTILLING OG MANGFOLD

Redegjørelse – Likestilling og mangfold

Høgskolens rapportering er basert på høgskolerådets veileder «Hvordan oppfylle likestillingslovens aktivitets- og rapporteringsplikt? Anbefalinger og veiledning til universiteter og høgskoler». I følge disse anbefalingene skal virksomheten rapportere både på tilstand og aktivitet på kjønn, og kun for aktivitet på etnisitet og nedsatt funksjonsevne.

Kjønnslikestilling

Fra Database for høyere utdanning (DBH) har vi hentet ut tall som illustrerer tilstanden når det gjelder likestilling. For full oversikt over alle kategorier viser vi til databasen: <http://dbh.nsd.uib.no/>

Tabell 1-4 viser at Høgskolen i Bergen er preget av tradisjonell kjønnsfordeling både vertikalt og horisontalt i organisasjonen. Det er tydelig overvekt av menn i ingeniørutdanningene, kvinnedominans i lærerutdanningene og helse- og sosialfagene. Kvinneandelen blant professorene er på 35,7 %, en økning fra 2013 da det var 27,8 %. I lederstillinger har høgskolen lagt godt an de siste årene. I 2014 var kvinneandelen blant ledere på 58,3 %. Høgskolen arbeider aktivt med utfordringene vi har med kjønnslikestilling og tiltakene våre blir gjort rede for under *aktiviteter kjønnsfordeling*.

Kjønnsdelt statistikk over uttak av velferds- og omsorgspermisjoner og kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger, innkalte til intervju er ikke med i rapport for 2013. Det skyldes utfordrende tekniske løsninger og mangel på personell til å gjøre den svært arbeidskrevende jobben å produsere slik statistikk manuelt.

Kjønnsbalanse fordelt på avdelinger og stillingskategorier

Kilde: Database for høyere utdanning. Alle tall er i hele årsverk.

Tabell 1	2011		2012		2013		2014	
Alle stillingskategorier	Totalt	Kv%	Totalt	Kv.%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%
Helse- og sosialfag	189,9	80,7	189,6	80,1	197,0	80,1	190,0	78,4
Ingeniørutdanning	177,2	24,8	185,8	27,2	186,6	27,2	187,4	22,7
Lærerutdanning	204,1	65,9	211,6	66,6	219,8	66,6	218,8	65,2
Administrasjonen	204,1	65,9	115,5	65,5	140,2	61,6	175,1	68,3
Totalt	687,5	59,6	702,6	59,8	743,5	59,5	772,2	60,1

* Kv = kvinner

Tabell 2	2011		2012		2013		2014	
Administrative stillinger	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%
Kontorstillinger	2,6	80,4	1,6	51,6	2,1	75,6	1,4	63
Lederstillinger	11,0	45,5	11,0	54,5	11,0	54,5	12	58,3
Mellomlederstillinger	23,8	25,3	21,8	27,6	21,8	31,0	26	36,5
Saksbehandlere/utredere	126,4	76,4	135,4	73,5	151,2	70,2	164	75,6

Totalt	163,8	66,9	169,7	66,2	185,3	64,9	204,2	69,6
---------------	-------	------	-------	------	-------	------	-------	------

Tabell 3	2011		2012		2013		2014	
Undervisnings- og forskerstillinger	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv.%
Professor	15,9	20,1	21,7	27	22,7	27,8	29,7	35,7
Dosent	1	100	2	50	3,6	44,4	3,6	44,0
Forsker	-	-	-	-	1	-	2	50,0
Førsteamanuensis	106,3	52,4	115,5	54,3	116,9	54,7	313,1	51,2
Førstelektor	47,4	65,6	49,2	68,3	47,6	71,0	51,3	68,4
Høgskolelektor	238,3	64	231,1	65	246,4	67	235,3	65,9
Høgskolelærer	21,6	66,6	20,2	64,6	14,9	66,7	13,4	76,6
Totalt	430,5	59,7	439,6	60,6	452,1	62,0	466,7	60,2

Tabell 4	Helse- og sosialfag		Ingeniørutdanning		Lærerutdanning	
Undervisnings – og forskerstill.	Antall	%	Antall	%	Antall	%
	152,2	82,3	117,3	26,9	178,4	67,7

Kjønnsdelt statistikk over arbeidstid 2014

Andelen kvinner i gruppen midlertidig tilsatte i undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger er 63,3 % av totalt 71,6 midlertidige årsverk.

Andelen kvinner i gruppen midlertidig tilsatte i administrative stillinger er 52,1 % av totalt 49,7 midlertidige årsverk.

Som hovedregel utlyses alle faste stillinger ved HiB ut som heltidsstillinger. Den høye andelen midlertidighet i undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger skyldes i stor grad eksternfinansierte stillinger, oppdragsstillinger og rene vikariater for fast tilsatte som er i ulike permisjoner.

Gjennomsnittslønn

Tabell 5 viser gjennomsnitt lønnstrinn pr 1.3.2014 utvalgte stillingskoder ("lønnstrinn pr hode")
(faste, vikarer, midlertidige, oppdrag, åremål, bistilling, stipendiater. Også de i permisjon. Til sammen 873 tilsatte).

Tabell 5	Lpl.	St.kod e	Høgskole n		AHS		AI		AI Dykker utd.		AL		SA	
Kjønn			K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Alle stillinger	Alle	Alle	60, 7	63, 3	62, 5	64, 6	62, 2	64, 7	52	59, 7	61	64	55, 2	55, 5
Undervisnings- og forskerstillinger:														
Professor	17.51 0	1013	74, 4	75, 2	73, 1	75	78, 7	75, 7			74, 7	74, 3		
Førsteamanuensis	17.51 0	1011	66, 3	67, 5	68, 1	68, 6	66, 8	68, 7			64, 7	65, 2	z	z
Førstelektor	17.51 0	1198	67	68, 5	67, 9	z		70, 4			66, 3	66, 5		
Høgskolelektor	17.51 0	1008	62, 6	64, 5	63, 1	63, 3	65, 2	66, 2			61, 1	62, 1		z
Høgskolelærer	17.51 0	1007	53, 8	57, 9	56	56, 7	z	59			51, 8	56, 6		
Dykkerinstruktør	17.22 0	996		59, 5						59, 5				
Teknisk – administrative stillinger:														
Førstesekretær	90.10 3	1063	41, 8	z			39, 5	z					43, 3	
Konsulent	90.10 3	1065	45	z	44, 5		z			z	z		45, 5	z
Førstekonsulent	90.10 3	1408	50	49, 9	49, 8	49, 5	45	z	z		50, 3	52, 7	50, 8	50, 8
Seniorkonsulent	90.10 3	1363	55, 7	55, 1	56, 7	53, 5	56, 7	z	z	56		54, 4	55, 4	55, 3
Rådgiver	90.50 0	1434	61, 7	60, 4	z			60					61, 6	60, 6
Avdelingsingeniør	90.30 1	1085	50, 5	50, 9			z	50, 3					50	51, 8
Bibliotekar	90.20 5	1410	53	z									53	z
Stipendiater:	17.51 5													
Stipendiat		1017	51, 7	50, 9	51, 2	51, 8		51, 1			52, 3	49, 8		
Stipendiat		1378						z						

Z = det er kun en tilsatt i stillingskoden ved enheten, lønnstrinn oppgis ikke. I SA er også tatt med IKT personale, ansatte ved bibliotekene og mediesenter. B-tillegg og kronetillegg er ikke tatt med.

Kjønnsdelt statistikk ved relevante personalpolitiske satsinger

Høgskolen arbeider systematisk med kompetanseheving, og det er satt av egne midler til kompetanseheving for kvinner i vitenskapelige stillinger. Tabellen viser resultatet for opprykk for tilsatte i undervisnings- og forskerstillinger i 2014 66,6 % av de som fikk opprykk var kvinner. Dette mener vi viser at den langsiktige satsningen på kompetanseutvikling for kvinner fungerer etter hensikten.

Opprykk for tilsatte i undervisnings- og forskerstillinger i 2014

Opprykk til:	AHS	AIØ	AL	Sum	Hvorav kvinner
Professor	1	1	3	5	3
Dosent	-	-	-	-	-
Førsteamanuensis/dr.grad	5	2	2	9	7
Førstelektor	2	1	1	4	2
Sum	8	4	6	18	12

Rekruttering av medarbeidere

I veilederen for oppfylling av aktivitets- og redegjørelsesplikten Universitets- og høgskolerådet lanserte i 2012 stilles det krav om å rapportere på rekruttering av medarbeidere. Det vil si kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger, innkalte til intervju og kjønnsfordeling på nytilsatte. Høgskolen i Bergen har av tekniske årsaker ikke mulighet til å hente ut rapporter over kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger og innkalte til intervju.

Kjønnsfordeling på nytilsatte i faste stillinger har vi oversikt på, og den er som følger:

Antall nye tilsatte i **faste** vitenskapelige stillinger i 2014 var 47 totalt fordelt på avdelinger som følger:

Avdeling for helse- og sosialfag:	10 tilsatte, hvorav 9 kvinner
Avdeling for ingeniør- og økonomifag:	12 tilsatte hvorav 4 kvinner
Avdeling for lærerutdanning:	25 tilsatte hvorav 18 kvinner

Aktiviteter kjønnslikestilling

Høgskolen i Bergen har en egen handlingsplan for likestilling og mangfold som ligger til grunn for arbeidet på området.

I det følgende gis det en oversikt over tiltak som er gjennomført i 2014.

Oversikt likestillingstiltak 2014

I 2013 fikk HiB i samarbeid med UiB, Uni Rokkan Senteret og Havforskningsinstituttet tildelt midler fra BALANSE prosjektet, et tiltak i regi av forskningsrådet for å øke andelen kvinner i professorstillinger og forskningsledelse. Institusjonene samarbeider om felles likestillingsmodul i lederopplæring og mentorprogram. Uni Rokkan Senteret bidrar med følgeforskning. UiB er prosjektleder for tiltaket som varer ut 2016.

1. Frikjøp til professorkvalifisering for kvinner.
Status: to kvinner på Avdeling for ingeniørfag er tildelt midler og i gang med kvalifisering. Ved Avdeling for helse- og sosialfag har tre kvinner fått frikjøp. Ved Avdeling for lærerutdanning er det tildelt frikjøpsstipend til to kvinner.
2. Velferdsordninger for stipendiater.
I 2014 vedtok høgskolestyret å gi stipendiater som ammer sitt barn, rett til å få forlenget stipendiatperioden tilsvarende tid som kan dokumenteres har gått med til amming (inntil to timer per dag. Også dokumentert korttidsfravær kan gi grunnlag for forlengelse.
3. Mentornettverk for kvinner for videre forskningsutvikling
Programmet er ferdig gjennomarbeidet og starter formelt 9. april 2015 med 20 deltakere hvorav fem er fra HiB.
4. Tiltak for rekruttering av studenter:
Menn til førskolelærerutdanning: vi har etablert et introduksjonskurs for potensielle studenter i samarbeid med Bergen kommune. Nettverk for menn i utdanningen er etablert. Jentedag for rekruttering av kvinnelige studenter til ingeniørfag er gjennomført.

Tiltaksrapportering – likestilling og diskriminering

Høgskolen i Bergen er opptatt av å sikre likebehandling og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, alder eller nedsatt funksjonsevne. Dette er nedfelt i handlingsplan for likestilling og mangfold. I Strategisk plan for 2011-2015 er det slått fast at likestilling og likeverd skal sikres for både tilsatte og studenter. Det betyr at ingen former for diskriminering skal forekomme – heller ikke av grupper som ikke er eksplisitt nevnt i handlingsplan for Likestilling og mangfold. Høgskolen har en egen handlingsplan for internasjonalisering og retningslinjer mot uønsket seksuell oppmerksomhet og trakassering.

I veilederen for rapportering slås det fast at det skal redegjøres for planlagte og gjennomførte aktiviteter. Registrering av etnisitet, funksjonsevne mm er ikke tillatt og tallmateriale på området finnes ikke.

Rekruttering

Rekruttering av medarbeidere

Ved utlysning av stillinger bruker høgskolen følgende standardformulering:

«Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad gjenspeile mangfoldet i befolkningen. Det er derfor et personalpolitisk mål å oppnå en balansert alders- og kjønnsammensetning og rekruttere personer med innvandrerbakgrunn. Personer med innvandrer bakgrunn oppfordres til å søke stillingen.»

Høgskolen i Bergen har elektronisk søknadshåndtering. Der opplyses det om at høgskolen kaller inn minst en person med ikke-vestlig bakgrunn til jobbintervju. Dersom søker har innvandrerbakgrunn og ønsker at det skal registreres kan de gjøre det i søknadsskjemaet. Det samme gjelder for personer med nedsatt funksjonsevne.

Det er personal- og organisasjonsavdelingen som fører tilsyn med at kravet til å kalle inn minst en søker med innvandrerbakgrunn eller funksjonsevne følges opp i praksis.

Rekruttering av studenter

Høgskolen arbeider aktivt for å rekruttere studenter internasjonalt. De enkelte avdelinger har egne opplegg for mottak og å ivareta disse studentene. Internasjonalt kontor bidrar også på feltet. Høgskolen har nedsatt en egen ressursgruppe for å bidra til økt rekruttering av studenter fra Norge med flerkulturell bakgrunn.

Universell utforming

Høgskolen skal være tilgjengelig for alle og universell utforming er gjennomført i Høgskolens nybygget på Kronstad. Lokalene vi leier i Møllendalsveien er ombygd å tilfredsstille kravene, jf. byggeteknisk forskrift Tek 10 for universell utforming.

Auke i talet på lærlingar i statsforvaltninga

Høgskolen har i ein lengre periode ikkje hatt lærlingar. Høgskolen har ikkje hatt kapasitet og moglegheit til å følgje opp og kvalitetssikre lærlingeplassar, særleg dei siste åra.

I 2014 fekk høgskolen tilført ein lærling ved Avdeling for ingeniør- og økonomifag - Institutt for Bio- og kjemiingeniørfag.

Samfunnstryggleik og beredskap

Høgskolen har i 2014 starta arbeidet med ein gjennomgåande ROS-analyse i organisasjonen. På nokre felt som t.d. utdanningsfeltet har det vore utarbeidd ROS-analyser i 2014 både knytt til sjølve drifta og til samfunnstryggleik og beredskap.

Dette arbeidet vil inngå i det vidare arbeidet for heile høgskolen.

Høgskolen gjennomførte i 2013 ei ROS-analyse av relokaliseringsprosessen i samarbeid med Ernest & Young og desse analysane blei lagt til grunn for relokaliseringsarbeidet igjennom 2014.

Høgskolen vedtok så tidleg som i desember 2009 en sikkerheitspolicy der informasjonstryggleik var eit sentralt tema. Dette arbeidet må følgjast vidare opp ettersom arbeidet med innføring av SSIS ikkje er godt nok implementert. Høgskolen har som eit tiltak etablert ein eigen server for forskingsdata som eit ledd i å trygge forskingsdata.

Høgskolen har ikkje gjennomført beredskapsøving/kriseøving i 2014. Dette kjem av omstenda rundt relokaliseringa av verksemda ved høgskolen Siste beredskapsøving blei gjennomført i desember 2013.

Høgskolen har vidare inngått avtale om å nytte Krisestøtteverktøyet KunnskapsCiM og er kopla på DIFI i høve til kursing og opplæring i bruk av dette verktøyet.

Fellesføring 2014

Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga

Høgskolen gjennomførte i 2014 ei kartlegging og innrapportering av tidstjuvar i mellom etatar i forvaltninga på oppdrag frå KD. Målet var å gjennomføre ei tilsvarande kartlegging for forhold internt ved høgskolen. Tidsmessig var det i 2014 ikkje mogleg å gjennomføre ei slik kartlegging på grunn av omorganiseringa og relokaliseringa. Kartlegging av tidstjuvar i ein slik enkeltståande prosess vil i seg sjølv både oppfattast som, og vere ein tidstjuv. Høgskolen vurderer det som meir tenleg å gjere kartlegginga no når den nye organisasjonen har komme i hus.

Høgskolen har innafor det studieadministrative området føretatt gjennomgang av rutinar og prosessar med mål om redusere tidstjuvar i samband med omorganiseringa av dei studieadministrative tenestene. Dette skal sikre likebehandling av studentane, effektivisere rutinar og ta i bruk elektroniske løysingar i det studieadministrative arbeidet.

Høgskolen legg opp til ein større kartlegging av tidstjuvar i løpet av 2015.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Planar for Høgskolen i Bergen i 2015

3.1 Innleiing om Verksemdsmål og sektormål

Arbeidet med gjennomføring av høgskolen sin strategiske plan for 2011-2015 vil bli vidareført i 2015. Høgskolen skal derfor i gang med arbeid med å utvikle ein ny strategi for 2016-2020. På denne bakgrunnen har høgskolen valt å tilpasse verksemdsmåla delvis forankra i og avleia av denne til dei nye sektormåla i påvente av at høgskolen får utarbeidd nye strategiske mål som bygger opp under dei overordna måla til departementet.

Risiko og kritiske suksessfaktorar

Planane for 2014 var i stor grad prega av flytteprosjekta og omstillingane i samband med desse. For 2015 er fokuset flytta attende til dei utfordringane som ligg i sektoren i dag i lys av dei overordna føringane til departementet og regjeringa. Samstundes må høgskolen no følgje opp fleire av dei dei forholda som følgjer i kjølvatnet av flyttinga, og dei pålegg som fjorårets situasjon ikkje opna for å realisere. Risikobilde har blitt justert på enkelte områder mens det på andre har vore naudsynt å føye til nye risikoar. Særleg innføringa av nye sektormål samt den føreståande reforma KD har lagt opp til har gjort det nødvendig å tenkje igjennom risikobildet på nytt på enkelte områder.

Kritiske suksessfaktorar

Høgskolen i Bergen (HiB) sin strategiske plan blei utvikla i tråd med målstrukturen for sektoren slik denne er utforma av Kunnskapsdepartementet. Denne ligg som utgangspunkt for risikovurderingane vi gjer. HiB forstår risiko som forhold som kan vere til hinder for å realisere måla våre. HiB sin strategiske plan tar utgangspunkt i vår visjon som er *Profesjonskompetanse for framtida gjennom kunnskap, kultur og nyskaping*. For å kunne vurdere overordna risiko har HiB definert 7 kritiske suksessfaktorar for verksemda:

- A. Økonomisk handlingsrom
 - B. Kvalitet og relevans i utdanning
 - C. Kvalitet og relevans i forskings- og utviklingsarbeid
 - D. Rekruttering og utvikling av personale
 - E. Effektiv organisasjon og godt leiarskap på alle nivå i organisasjonen
 - F. Tydeleg rolle som regional profesjonshøgskule og premissleverandør med gode samarbeidsrelasjonar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
 - G. Fysisk infrastruktur og tryggleik (ny suksessfaktor 2015)
- Vedlagt finn ein dei aktuelle risikoane for den enkelte suksessfaktor også som grafisk framstilling.

Dei kritiske suksessfaktorane er tversgåande og har innverknad på dei fleste sektormåla. Høgskolen har med utgangspunkt i dei kritiske suksessfaktorane utleda nokre sentrale risikoar knytt til verksemda.

Mange av dei risikoane som er påpeikte finn ein også som utfordringar NOKUT har påpeika i si sakkyndige vurdering i samband med evalueringa av ph.d.-programma. Dette gjeld t.d. graden av internasjonalisering og publiseringsrate.

Vesentlege risikoar i 2015

- (C1) At talet publikasjonspoeng per vitenskapelig årsverk og den totale vitskapelege produksjonen stagnerer/går attende. (S2/K4,5)
- (C2) At HiB ikkje aukar volum av, og suksessrate på, søknader om bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd. (S3/K4,5)
- (B 2) At fråfall i utdanningane aukar og gjennomstrøyminga går ned. (S2/K5)
- (F3) At HiB ikkje når måla for internasjonalisering (har innverknad på både forskning og utdanning) (S3/K4)
- (C3) At HiB ikkje i tilstrekkeleg grad lykkast i å utvikle ein forskingsprofil retta mot profesjonsutøving. (S1/K5 – samla låg risiko men med høg konsekvens)
- (F2) At HiB ikkje klarer å prioritere, institusjonalisere og strategisk forankre tilstrekkelig samvirke og kontakt med nærings- og arbeidsliv lokalt og regionalt, spesielt i forhold til praksisfelt. (S 2,5/K4 –relativ låg risiko men vurdert som viktig å følgje opp)
- (D1) At HiB ikkje får tak i godt kvalifiserte *relevante* søkjarar til faglege stillingar . (S3/K4,5)
- (D4) At HiB ikkje greier å erstatte kompetanse som fell bort som følgje av at generasjonsskifte er stort (S3/K4)
- (E2) At HiB ikkje klarer å rekruttere tilstrekkeleg gode og relevante leiarar på alle nivåa. (S2,5/K4)
- (E3) At HiB ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å prioritere langsiktig planlegging. (S2,5/K5)
- (G1) At arealbehovet i forhold til reell vekst ikkje er godt nok dekt. (S3/K4)
- (G3) At infrastruktur rundt og organisering av sikkerhet og beredskap ikkje er dekkande (S3/K5)

Vesentlege risikoar finn ein på raude felt (nokre på gult felt med høg konsekvens) enten som følgje av høg Sannsynlegheit eller som følgje av høg konsekvens. Tiltak for å redusere risiko på dei kritiske suksessfaktorane over vert omtalte under gjennomgangen av sektormåla nedanfor.

3.2 Planer for verksemda 2015

Størstedelen av midlane høgskolen rår over (91,5%) vert nytta til normal drift av høgskolen, drift av utdanningane, til forskning og til formidling. Denne delen av midlane vert fordelte etter eigen budsjettmodell. 8,5% av midlane er strategiske midlar som vert fordelte etter søknad frå avdelingar og stabseiningar.

Høgskolen viser til følgjande strategiske satsingar for 2014 (korrespondanse til risiko i parentes):

Utdanning

Vidareutvikle mastergrader/tverrprofesjonelt samarbeid (C3, B2)

E-læring, pedagogisk kompetanse, ferdigheitstreningsrom, Bruk av ny teknologi i undervisninga, digital vurdering (B2)

Kvalitetssikring av internasjonale samarbeidsavtaler, lærarutveksling, fellesgrader, partnerskap og Erasmus+ (F3)

Rekruttering og gjennomstrøyming, studiekvalitetstiltak, opprette skrivesenter/økt utdanningskvalitet (B2)

Styrke samarbeid med UiB og NHH, SAKS. Inkludert Science City Bergen (B2, F2)

Forskning og formidling

Oppfølging av St.mld 13 (C3, F2)

Lærarprofesjonalitet, kunsthøgskole og forskningsbasert undervisning (C3, F2)

Særskilt styrking av FoU/N ved Avdeling for ingeniøruddanning (C1)

Utvikling og igangsetting av doktorgradsprogram (C1, C3, F2)

Formidlings-, e-læring-, tverrfagligheitsprosjekt (C1,C3, F2)
3 professorat (D4, C1, C3)
Strategiske forskingsprosjekt (C1, C3, F2)
Satsing på ekstern forskingsfinansiering (C2)
Open Access (C1)
Konfutse samarbeid (F3)
Samarbeid Bergen Vitensenter (C1, C3, C2, F2)
Utvikling av web (F2)
Kommunikasjon og formidling (F2)

Organisasjon

Rekruttere av faglig personale (D1, D4)
Forenkling, forbedring og effektivisering av administrative støttesystem (E3)
Prosjektering tilleggsbygg Kronstad (G1)
Økonomisk handlingsrom (E3, G1)
Sikkerhet og beredskap - Prøveprosjekt sikkerhetsarbeid (G3)
Leiarutvikling (utdanningsleiring) og rekruttering av leiarar (E2)
Kompetanseutvikling (D1,D4, E2)
Opplæring nye system (D4)
Omstilling

I arbeidet med fordelinga er det også lagt vekt på at tiltaka skal underbygge måla i planen.

Sektormål 1: Høy kvalitet i utdanning og forskning

Hovudmål HiB: *Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskingsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå, og utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad. Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemnda, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.*

Verksemdsmål 1.1 *Høgskolen skal identifisere og stimulere tverrfagleg samarbeid som samlokaliseringa mogleggjer*

Verksemdsmål 1.2 *Høgskolen skal vurdere utdanningsporteføljen for å sikre god og forsvarleg ressursbase for utdanningar på alle nivå*

Verksemdsmål 1.3 *Tyngdepunktet i FoU-verksemnda ved HiB skal vere profesjonsretta og praksisnær forskning innanfor satsingsområda våre.*

Verksemdsmål 1.4 *Høgskolen skal auke internasjonaliseringsgraden*

Risikoelement

- (C1) At talet publikasjonspoeng per vitenskapelig årsverk og den totale vitenskapelige produksjonen stagnerer/går attende. (S2/K4,5)
- (C2) At HiB ikkje aukar volum av, og suksessrate på, søknader om bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd. (S3/K4,5)
- (B 2) At fråfall i utdanningane aukar og gjennomstrøyminga går ned. (S2/K5)
- (F3) At HiB ikkje når måla for internasjonalisering (har innverknad på både forskning og utdanning) (S3/K4)

Hovudprioriteringar 2015

2015 markerer utgangen av planperioden for strategisk plan 2011-2015. 2015 vil vere prega av arbeidet med ny strategisk plan for hele verksemda.

Utdanningsverksemda til høgskolen er god og solid, noko som gjer at høgskolen står på trygg grunn ved inngangen av 2015. Arbeidet med å vidareutvikle utdanningane og sikre kvaliteten på dei er eit kontinuerleg arbeid. Gitt dei begrensingane som ligg i bygningsmassen er det ei utfordring å kunne auke studentopptaket.

Høgskolen Bergen har som eit mål at forskning-, utviklings- og innovasjonsarbeidet skal medverke til å utvikle profesjonsfaga. Denne verksemda skal vere av høg internasjonal kvalitet og skal utvikle fagområda der høgskolen har eit særskilt regionalt ansvar.

Høgskolen har som mål å auke den vitenskapelige produksjonen og den eksternt finansierte verksemda.

Studiekvalitet

Grunnlaget for god studiekvalitet ligg i det faglege tilbodet, i organiseringa av utdanningane og i studiekvardagen for den enkelte. Studentane må på alle nivå få god oppfølging i utdanningane. Studentane må difor sikrast aktiv deltaking i kvalitetsutviklinga – både i utvikling av utdanninga og i gjennomføringa. Det er eit mål at studentane skal lukkast i

studiane. Høgskolen vil i 2015 arbeide meir målretta med IKT- som støtteverktøy i utdanningane (sjå tiltak under *Teknologi og digitale verktøy i utdanningane*).

Tiltak:

- Det skal gjennomførast eigne kurs i utdanningsleiing.
- arbeide for å betre kjønnsbalansen i utdanningane
- vidareutvikle samarbeidet med praksisfelte våre
- Høgskolen skal vidareføre arbeidet med vurdering og utvikling av studieporteføljen og samt arbeide vidare med førebu femårig grunnskulelærerutdanning.
- organiseringa av den høgskolepedagogiske verksemda ved HiB skal gjennomgåast og vurderast i 2015.

Teknologi og digitale verktøy i utdanningane

Høgskolen i Bergen skal i 2015 følgje opp prosjektet «IKT-støtta utdanning» for å bruke dei IKT-verktøya og fasilitetane høgskolen rår over på ein måte som styrkar studiekvaliteten. Høgskolen har allereie fleire prosjekt på området og vil vidareutvikle desse. Høgskolen skal vidareutvikla dei samarbeidsprosjekta som er etablert med andre institusjonar.

Tiltak:

- Vidareutvikle pedagogikk og fagdidaktikken gjennom dei muligheitene det digitale undervisningsutstyret opnar for innanfor ramma av «e-læringsprosjektet».
- Gjennomføre FoU-prosjekt på «digital eksamen».
- Arbeide med integrasjon mellom ulike studiestøttesystem.
- Etablere ein felles prosjektorganisasjon for e-læringsprosjekta

Studentrekruttering, gjennomstrøyming og fråfall

Høgskolen har god dokumentasjon (m.a. tal frå SSB)på eit aukande behov i arbeidslivet for dei fleste kandidatane vi utdannar. Det vil difor vere grunnlag for vekst i talet på studieplassar innan fleire av utdanningane våre. Høgskolen er positiv til ein vidare auke i talet på studieplassar i åra som kjem, men dette må vurderast nøye i høve til tilgang på areal og praksisplassar. Høgskolen vil vekse dei neste åra, og styret har gjort vedtak om arealutviding på Kronstad-tomten.

Høgskolen har nedsett ei arbeidsgruppe med mål om å utarbeide tiltak for å betre rekruttering, sikre gjennomstrøyming og redusere fråfall. Dette arbeidet vil bli prioritert i 2015. Høgskolen rekrutterer særskilt godt. Men vi trenger fortsatt å ha særskilt merksemd retta mot å rekruttere fleire kvinner til ingeniørutdanningane og menn til barnehagelærerutdanninga og helse- og sosialutdanningane. Arbeidet med å styrke det kulturelle mangfaldet vil bli vidareført i 2015.

Tiltak:

- Vidareutvikle rekrutteringsarbeidet blant anna gjennom strategisk målretta kampanjar.
- Auke det kulturelle mangfaldet gjennom rekrutteringsarbeidet, og tilrettelegging i studiet
- Følgje opp resultata frå arbeidsgruppa for «rekruttering, gjennomstrøyming og fråfall».
- Delta i etablering av nasjonalt nettverk for gjennomstrøyming og fråfall.

Internasjonalisering

Høgskolen skal fortsette å arbeide godt med utveksling av studentar på alle nivå. Vi har som målsetjing å auke talet på innreisande studentar, undervise fleire emne på engelsk, og fortsette arbeidet med å etablere ein internasjonal samarbeidsmaster.

Høgskolen skal fortsette arbeidet med å etablere internasjonale nettverk. I samband med ph.d.-søknadane har høgskolen hatt et særskilt fokus på avtalar med utanlandske fagmiljø. I

det vidare arbeidet vil koplinga mellom utdanningssamarbeid og forskingssamarbeid få eit sterkare fokus, særleg på master- og ph.d.-nivå. Høgskolen har vidare som mål å auke den vitskapelege publiseringa i internasjonalt anerkjende publiseringskanalar samt internasjonal sampublisering. Høgskolen har ambisjon om å auke den eksterne forskingsfinansieringa, og auka aktivitet retta mot EU sine forskingsprogram kan bidra til økt internasjonalt forskingssamarbeid (sjå også tiltak under ekstern finansiering).

Tiltak:

- Arbeid med å etablere strategiske partnerskap skal vidareførast i 2015.
- Utvikle minst ein fellesgrad med internasjonale samarbeidspartnarar
- Erasmus + er lansert i 2014. I samarbeid med avdelingane vil Utdanningsutvalet og FOU-utvalet arbeide for å ta i bruk dei moglegheitene som dette nye programmet gjer for økt internasjonalisering av utdanning og forskning.
- Inngå fleire internasjonale avtaler som i større grad også rettar seg mot forskingssamarbeid.
- Stimulere til auka internasjonal publisering.

Samhandling mellom utdanning og forskning

Arbeidet med å utvikle fleire eigne doktorgrader ved HiB held fram.. Høgskolen vil følgje opp føringane sett av FoU- og utdanningsutvalet i høve til samhandling mellom forskning og utdanning - «Studentar i forskning og forskning i utdanning».

Tiltak:

- Nedsette ei arbeidsgruppe for å utvikle tiltak for å nå målet om at fleire studentar skal vere aktive i forskning og at større del av forskinga ved HiB synleggjerast i undervisninga og gjennom formidlingsarrangement.
- I større grad bruke masterstudentar som undervisningsassistentar
- Målretta og aktiv bruk av pliktarbeidet til stipendiatane som kvalitetsheving i utdanningane.

Tverrfagleg gevinst

Høgskolen vil fortsette å stimulere til tverrfaglege gevinstar i både forskning og utdanning. Samlokaliseringa kan bidra til økt t tverrfagleg samarbeid mellom profesjonsutdanningane, og sentra kan være viktige drivkrefter for auka tverrfagleg vitskapeleg verksemd.

Tiltak.

- Opprette nye møtestader og debattarenaer på tvers av utdanningar
- Insentivmidlar til å stimulere forskings – og utdanningssamarbeid på tvers i organisasjonen.

Forsking, utvikling og innovasjon

Det overordna målet til høgskolen på dette området er å drive profesjonsretta og praksisnær forskning innanfor satsingsområda våre. Dette gjer ein ved å bygge opp sterke fagmiljø og å utvikle doktorgrader med mål om å oppnå universitetsstatus Dette har vore gjort mellom anna gjennom strategiske forskingssatsingar.

Tiltak:

- Evaluering av etablerte strategiske forskingssatsingar, og oppretting av nye. Evalueringa kan skje i løpet av våren 2015, mens arbeidet med utvikling av nye forskingsprogram må skje parallelt med utvikling av ny forskingsstrategi og ny strategisk plan, for HiB, Dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2015.

Eksternt finansierte forskingsprosjekt og vitskapeleg publisering

Ekstern finansiering av forskning er eit av dei verktya høgskolen må ta i bruk for å nå regjeringa sine høge ambisjonar for det norske kunnskapssamfunnet. For å aktivere

potensialet hos våre forskarar må vi i enda større grad leggja til rette for søknadsskriving, prosjektoppfølgning og nettverksbygging.

HiB skal halde fram arbeidet med å sikre høg grad av vitenskapleg publisering av god kvalitet gjennom stimulering av fagleg tilsette, og ved sterkare å vektlegge dette som kriterium for tildeling av FoU-tid.

HiB skal arbeide vidare for at forskings- og utviklingsresultat formidlast gjennom de mest hensiktsmessige publiseringskanalar, og der det er mulig, som Open Access-publikasjonar.

Tiltak:

- Målretta arbeid med utvikling av fleire søknadar med høg kvalitet til Horisont 2020 og NFR
- Vidareutvikle administrative støttefunksjonar til eksterntfinansiert forskning
- utvikling av insentivordningar til forskargrupper som oppnår eksterntfinansiering
- Legge til rette for samanhengande forskingstid for faglege i førstestillingar
- Synleggjering og vektlegging eksternt forskingsfinansiering, forskingsresultat og vitenskapleg publisering ved tildeling av FoU-tid.
- Vidareføre og evaluere HiBs Open Access-publiseringsfond

Forskarutdanning

Høgskolen fekk i 2014 godkjent sin første ph.d.-grad – «Danning og didaktiske praksisar». I 2015 skal det arbeidast vidare med dei tre andre doktorgradane høgskolen har vedtatt å utvikle. Høgskolen har eit strategisk mål om å kunne tilby gjennomgåande utdanning frå bachelor til ph.d. Høgskolen har som mål å trappe opp til minst 45 stipendiatstillingar finansiert over grunnbudsjettet innan utgangen av 2015.

Tiltak:

- For å sikre målet i opptrappingsplanen blir det etablert ytterligare to eigenfinansierte stipendiatstillingar
- Gjennomføre første opptak til ph.d.-utdanninga «Danning og didaktiske praksisar».
- Sende søknad til NOKUT om akkreditering av ICTengeneering.

Styringsparameter	Resultat			Mål
	2012	2013	2014	2015
Talet på vitenskapleg publisering	198	259	286	250
Vitenskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB)	142	124,9	154 ,8	150
Total registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)	930	1134	969 (pr.30.01)	1250
Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)	10.512	14.167	16.000	20.000
gjennomføring på normert tid (KD)	90,5	92,7	89,3	91
Delen uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,7	0,4	0,7	0,7
Talet på kvalifiserte førstevalsøkarar per studieplass (HiB)	2,1	2,20	2,25	2,25
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (HiB)	50,8	51,3	49,6	50,5
Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (HiB)	15	14,2	16,1	15
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB) (egenfinansiert/eksterntfinansiert)	5887 (5506/380)	6125 (5682/442)	6252 (5754/498)	6350 (5850/500)
